



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Deira ref:
202404293

Vår ref:
2025/2703-131
Ane Dorthea Lundberg Nordlie, vassmiljø
Ove Holseng, kulturarv- arkeologi

Dato:
09.04.2025

Høyringsvar: Høyring av søknad om vassuttak og regulering av Mellsenn, Øystre Slidre kommune

Bakgrunn

Visar til brev motteke 11. februar. Øystre Slidre kommune søkjar om løyve til å ta ut vatn frå Mellsenn. Per nå har kommunen eit uttak frå elva Ygna, men det er ynskjeleg å flytte vassuttaket til Mellsenn. Vatnet vil da regulerast mellom LRV på kvote 859,4 og HRV på kvote 859,8. Tiltaket inneber å etablere ein terskel for regulering, arrangement for minstevassføring og vassleidning til vassforsyningsanlegg. Det vil ikkje vere nødvendig å etablere ein dam ved Mellsenn sitt utløp i Ygna, ettersom utløpet sjølv vil fungere som ein dam når vassnivået i vatnet blir regulert.

Fylkeskommunen etterspurde utsett høyringsfrist med bakgrunn i stor saksmengda og dårleg kapasitet, sidan det også var nødvendig med innspel frå kulturavdelinga. Me fekk aldri svar på førespurnaden, men vel difor å sende høyringsinnspelet etter fristen likevel.

Tilbakemelding frå fylkeskommunen

Vassmiljø

Vassuttaket vil påverke Mellsenn (vassførekomst 012-33147-L «Mellsenn»), som er registrert med god økologisk tilstand i Vann-nett. Mellsenn drenerer ut i Ygna (vassførekomst 012-1618-R «Ygna og sidebekker»), som vidare renn ut i Nedrevatnet før ho renn ut i Øystre Slidreåne. Mellsenn har ein god populasjon av aure, og fiskebiologiske undersøkingar viste gode tettleikar av ungfisk i sidebekkane.

Vassforskrifta og regional vassforvaltningsplan

Mellsenn er registrert med god økologisk tilstand, og oppnår difor miljømålet fastsett i regional vassforvaltningsplan. Som det blir påpeika i søknaden, blir det i utgangspunktet ikkje tillate tiltak som vil resultere i ein negativ påverknad på miljøtilstanden i vassdraget. Mellsenn er ikkje regulert frå før av, og fylkeskommunen meiner reguleringa potensielt kan forringe miljøtilstanden i vatnet (frå å vere ein naturleg vassførekomst til å bli ein sterkt modifisert vassførekomst). Reguleringa vil også kunne påverke vatnets funksjon for fisk og andre ferskvassorganismar. Vi meiner det difor må gjerast ei vurdering av vassforskrifta § 12. Dette er ei vurdering tiltakshavar skal gjere i si utredning.

Omsyn til fisk

Slik vi tolkar søknaden vil uttaket kunne resultere i ein betydeleg påverknad på aurestammen i Mellsenn, ved at vassnivået blir senka. Dei akvatiske undersøkingane påpeiker at marflo, eit krepsdyr som lever på grunne område, utgjer ein viktig matressurs for auren i vatnet. Ved lav vasstand vil mattilgangen potensielt bli redusert. Dette kan også resultere i økt konkurranse om maten. Ei senka vasstand kan også gjere det utfordrande for fisk å vandre opp i sidevassdraga, viss nokon av utløpsområdene tørrleggast. Fylkeskommunen meiner denne utfordringa må gjerast betre reie for før det fattast vedtak.

Slik vi tolkar søknaden, vil vald løysning innebera at minstevassføring sleppes ut i Ygna litt nedstrøms Mellsenn sitt utløp i elva. Fylkeskommunen er bekymra for at dette vil resultere i eit tilnærma tørrlagt parti i utløpet, som kan påverke auren sine moglegheiter til å vandre nedover elva. Ygna er dokumentert til å vere viktig for aure frå Mellsenn, og vi meiner det difor må vere ein føresetnad for godkjenning at elva si funksjonalitet for fisk ikkje blir øydelagt. Om elva blir betrakteleg påverka, bør det gjerast biotopforbetrande tiltak for å sikre gode gyte- og oppvekstområde for aure.

Fylkeskommunen er positiv til ein minstevassføring over normal vassføring i tørre periodar. Likevel vil me understreke at det i periodar med høgare vassføring vil vere betrakteleg mindre vatn i elva, og påverknaden på elva vil difor vere relativt stor samla sett.

Fylkeskommunen ynskjer også å påpeike viktigheita av ein gradvis nedtapping, slik at ein unngår at fisk som oppheld seg i littoralsona blir stranda.

Fysiske inngrep

Der det er nødvendig med fysiske inngrep i vassdraget, forutset vi at områdene blir restaurert tilbake til naturlik tilstand i etterkant. Anleggsarbeid bør skje i perioden 15 juni – 15. september, for å ta omsyn til gyteperioden for aure. Revegetering som beskrive bør vere ei føresetnad.

Naturmangfald

Det er registrert funksjonsområde for både lirype og orrfugl i tett nærleik til vatnet. For mykje aktivitet i disse område i sårbare periodar kan resultere i øydelegging av områdene si funksjon for fugl. Ein bør unngå anleggsverksemd i mai-juni for å ta omsyn til eventuell hønsefugl i nærområdet.

Nyare tids kulturminne

Det er gjort registreringar av fleire verna bygningar rundt Mellsenn, både naust og stolar. Det vurderast at reguleringa av vatnet ikkje vil påverke bygningane, ettersom vasstanden ikkje vil auke.

Automatisk freda kulturminne/Arkeologi

På kart under utgreiingstema kulturminne er det markert nokre punkt som etter vår oppfatning viser kulturminneforekomsten i området. Kilden som er brukt er kulturminnesøk. Me er usikre på om ein har zooma nok inn på kartet, for då kjem det fram ein langt større forekomst av automatisk freda kulturminne i/nær tiltaksområdet. Me har sjekka nasjonal kulturminnedatabase "Askeladden" og lagt inn kartet derfrå under. Dette kartet viser den faktiske tettleiken av automatisk freda kulturminne i området, og dei er viste med id nr.


Sjølv om kartet med trasé som er lagt ved søknaden ikkje er svært detaljert, kan det sjå ut som om traséen ikkje nødvendigvis kjem til å berøra nokon av kulturminna direkte. Det er

kolgroper og jernframstillingsplassar som til saman utgjer eit kulturmiljø. I utgreiinga står det at ingen av kulturminna vil bli direkte ramma av inngrep. Ut frå kulturminneførekomsten på kartet under, ber me om at dette blir sjekka ein gong til. Me minner også om at tiltak innanfor dette området kan verka skjemma for opplevinga av kulturmiljøet. Me ber derfor om at tiltaket blir utført så skånsamt som mogleg.

Me føreset at tiltaket ikkje kjem i direkte konflikt med automatisk freda kulturminne eller sikringssona på 5 meter. Viser det seg at det likevel blir vanskeleg å gjennomføra tiltaket utan at kulturminna eller sikringssonene blir direkte ramma, må det søkjast om dispensasjon etter kulturminnelova § 8, første ledd.

Me har sjekka høgdedata (LIDAR) over området og ser at kartfesting av kulturminna stemmer bra med faktisk plassering. Me har ikkje funne andre spor i terrenget som kan vera freda kulturminne i LIDAR-data andre stader enn dei som er vist på kartet.

Me har god oversikt over kulturminna i området, og dei skal i følge søknaden i utgangspunktet ikkje bli direkte ramma. Me vurderer derfor at det ikkje er nødvendig å gjennomføra arkeologisk registrering i denne saka. Me gjer likevel merksam på at dersom det ved tiltak i marka vert funne automatisk freda kulturminne, skal arbeidet straks stansast i den grad det rører ved kulturminna eller sikringssona kring dei på fem meter. Jf varslingsplikt i kulturminnelova § 8 andre ledd, skal melding snarast sendast til kulturminnestyresmaktene i Innlandet fylkeskommune, slik at vernestyresmaktene kan kome på synfaring og ta stilling til om tiltaket kan halde fram og eventuelt vilkåra for dette.



Kart frå «Askeladden» med oversikt over kjende automatisk freda kulturminne i/nær tiltaksområdet.

Konklusjon

Fylkeskommunen saknar ei vurdering etter vassforskrifta § 12, og meiner difor at vurderinga gjort i søknaden ikkje er dekkande nok for omfanget av tiltaket. Søknaden gjer heller ikkje godt nok greie for påverknaden uttaket vil ha på fisk og andre ferskvassorganismar, både i sjølve vatnet og i tilløps- og utløpsbekkar. Vi saknar også ei vurdering av den samla belastninga på vassdraget, samt fleire avbøtande tiltak som kan minimere dei negative konsekvensane av tiltaket. Om NVE likevel veljar å godkjenne søknaden slik han føreligg, meiner vi det må bli satt krav om varetaking av viktige sidevassdrag (i form av biotopforbetrande tiltak), slik at rekrutteringa til aurestammen i Mellsenn ikkje blir øydelagt. Det bør bli fastsett eit vilkår om gjennomføring av tiltak i perioden juli – september, for å ta omsyn til både fugleliv og fisk i vassdraget. Me føreset at tiltaket ikkje kjem i direkte kontakt med registrerte kulturminne, og vil minne om at ein direkte påverknad vil krevja dispensasjon etter kulturminnelova § 8, første ledd.

Med vennleg helsing

Arne Magnus Hekne
Seksjonssjef - Klima, miljø og naturmangfald

Ane Dorthea Lundberg Nordlie
Rådgivar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendes utan signatur.

Kopi til:
STATSFORVALTAREN I INNLANDET
ØYSTRE SLIDRE KOMMUNE